

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

## Tildeling av tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2023 - Vardetangen dagturhytte ved Vardetangen, med anleggsnummer 80879, Austrheim kommune.

Vestland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og integrering har fordelt spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i møte 23. mai 2023. Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekome med eit tilskot på **kroner 554 000,-**.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Alle utbetalingar skjer via Austrheim kommune.
2. De kan søkje om delutbetaling (max 75%) når anleggsarbeidet er kome godt i gang. Søknaden må innehalde ein kort status med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
3. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert utbetalt innan to år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie innan to år etter datoen på dette tilsegnsbrevet, vert inndrege. Dersom rekneskapet viser at anlegget vert rimelegare enn budsjettet, vil tilsvarande del av tilsegnsbetøp bli inndrege.
4. Sluttutbetaling kan ikkje skje før de har sendt inn revisorkontrollert rekneskap saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. For følgjande anleggstypar skal spesiell dokumentasjon føreligge før sluttutbetaling kan skje:
  - a. idrettsgolv (hallgolv): godkjend testrapport
  - b. kunstgrasbane: godkjend testrapport
  - c. friidrettsbane med fast dekke: godkjend testrapport
  - d. orienteringskart: godkjenning frå Norges Orienteringsforbund
  - e. skitrekk: driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn)
5. Når tilskotet er kr 400 000 eller høgare skal rekneskapet for anlegget kontrollerast av revisoren til kommuna. Rekneskap for tilskot under kr 400 000 kan kontrollerast av annan revisor, til dømes den tillitsvalde revisoren til organisasjonen.

Mottakar av tilskot har ansvar for at løyvd tilskot vert brukt i samsvar med føresetnadar, krav og vilkår i føresegnene. Føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er tilgjengeleg via [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no).

**Klagerett:**

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kultur- og likestillingsdepartementet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef  
KFO – fysisk aktivitet og inkludering

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*